



FORVALTNINGSREVISJON

”Rutinar for oppfølgingsarbeidet i barnevernstenesta i Radøy kommune”

Forord

Rapporten "Rutinar for oppfølgingsarbeidet i barnevernstenesta i Radøy kommune" er utført på bakgrunn av kontrollutvalet si bestilling i møte 22.02.2016, sak 05/16.

Revisorane som har utført prosjektet har, både før oppstart og gjennom prosjektperioden, vurdert si uavhengigheit i høve til Radøy kommune, jf. kommuneloven § 79 og revisjonsforskrifta kap. 6.

Isdalstø, 11.10.2016



Reidar Bjørsvik

revisjonssjef

Innholdsregister

0. Samandrag	3
1. Innleiing	4
1.1 Avgrensing og definisjonar	5
1.2 Problemstillingar	6
1.3 Revisjonskriterium	6
2. Metode	7
2.1 Pålitelegheit og gyldigheit	7
3. Organisering av barnevernstenester i Radøy kommune.	8
4. Overordna problemstilling	9
Har barnevernstenesta i Radøy kommune eit system for oppfølging av barn i fosterheim, og sikrar systemet barna nødvendig hjelp og omsorg til rett tid?	9
5. Problemstilling 1:	10
I kva grad legg barnevernstenesta til rette for at fosterheimplasseringa skal fungera etter sitt formål?	10
5.1.1 Omsorgsplanar.....	10
5.1.2 Data	11
5.1.3 Revisjonen si vurdering	11
5.2.1 Fosterheimsavtalar og forsterkningsavtalar	12
5.2.2 Data	12
5.2.3 Revisjonen si vurdering	13
5.3.1 Vidare kartlegging av hjelpebehov og opplæring av fosterforeldre.....	14
5.3.2 Data	15
5.3.3 Revisjonen si vurdering	16
5.4 Konklusjon og tilrådingar	17
6 Problemstilling 2:	18
I kva grad har barnevernstenesta systematisk informasjon om barnet sin situasjon og utvikling, og vert informasjonen vurdert i forhold til omsorgsplanen?	18
6.1 Utleiing av revisjonskriterium	18
6.2.1 Barnet sin situasjon og utvikling i høve til mål i omsorgsplanen.....	20
6.2.2 Data	20
6.2.3 Revisjonen si vurdering	21
6.3.1 Tilsynsrapportar	22
6.3.2 Data	22
6.3.3 Revisjonen si vurdering	23
6.4 Konklusjon og tilrådingar	23
7 Problemstilling 3:	24
I kva grad samarbeider barnevernstenesta med andre instansar for å sikre ei systematisk og planmessig oppfølging av barn i fosterheim?	24
7.1.1 Samarbeid for å sikre ei målretta og systematisk oppfølging	24
7.1.2 Data	25
7.1.3 Revisjonen si vurdering	26
7.2.1 Individuell plan	27
7.2.2 Data	28
7.2.3 Revisjonen si vurdering	29
7.3 Konklusjon og tilrådingar	29
8 Oppsummerande konklusjon	30
9 Litteraturliste	31
10 Vedlegg:	31

0. Samandrag

Forvaltningsrevisjonsprosjektet "Rutinar for oppfølgingsarbeidet i barnevernstenesta i Radøy kommune" er utført på bakgrunn av kontrollutvalet si bestilling i møte 22.02.2016, sak 05/16.

Prosjektet er avgrensa til systemnivå, og fokuserer på barnevernstenesta sine system for å følgje opp barn som er plasserte i fosterheim. Prosjektet søkjer og svara på følgjande overordna og underliggjande problemstillingar:

Har barnevernstenesta i Radøy kommune eit system for oppfølging av barn i fosterheim, og sikrar systemet barna nødvendig hjelp og omsorg til rett tid?

1. I kva grad legg barnevernstenesta til rette for at fosterheimplasseringa skal fungera etter sitt formål?
2. I kva grad får barnevernstenesta systematisk informasjon om barnet sin situasjon og utvikling, og vert informasjonen vurdert i forhold til omsorgsplanen?
3. I kva grad samarbeider barnevernstenesta med andre instansar for å sikre ei systematisk og planmessig oppfølging av barn i fosterheim?

Rapporten syner at barnevernstenesta i Radøy kommune har eit system for å følgje opp barn i fosterheim. Systemet dekkjer formelle krav som føl av lov og forskrift, og føl opp det enkelte barn gjennom fosterheimsbesøk, fortløpande dialog med fosterheimar, og gjennom ansvarsgrupper der barnevernstenesta samarbeider med relevante instansar om tenesteytinga i den enkelte saka.

Systemet synleggjer i variert grad kva som er spesielt med barn sine særskilte behov, og kva betydning særskilte behov kan ha for barnet i samband med overgangar i barnet sitt liv. Utover rutinar for bruk av omsorgsplanar, har ikkje systemet rutinar for og gjere bruk av arbeidsplanar eller individuelle planar. Etersom systemet ikkje nyttar planar for å synleggjera og koordinera tiltak og tenester, syner ikkje systemet om oppfølginga av barn i fosterheim, sikrar barna nødvendig hjelp og omsorg til rett tid.

1. Innleiing

Forvaltningsrevisjonsprosjektet "Rutinar for oppfølgingsarbeidet i barnevernstenesta i Radøy kommune" er utført på bakgrunn av kontrollutvalet si bestilling i møte 22.02.2016, sak 05/16.

Alle kommunar er jf. Lov om barneverntjenester ansvarlige for å utføre kommunale oppgaver som følg av barnevernslova. Oppgåvene er mottak og undersøking av meldingar, vedtak og iverksetting av frivillige hjelpetiltak og akuttvedtak, oppfølging av barn og familiar, og førebuing av saker for Fylkesnemda for barnevern og sosiale saker.

Barnevernet er fyrst og fremst ei hjelpeteneste. Meir enn 80 % av hjelpa frå barnevernet, vert ytt som frivillige tiltak i heimen. Råd og rettleiing, besøksheim, støttekontakt, avlastningstiltak i heimen og foreldrestøttande metodar, er eksemplar på tiltak. Frivillige tiltak kan og bli gjeve utanfor heimen, i institusjon eller fosterheim. Dersom barn lever under skadelige forhold, eller det er risiko knytt til framtidig omsorgssituasjon, kan barnevernet legge fram sak om omsorgsovertaking til Fylkesnemda som vil handsama og fatta eventuelt vedtak i saka. Fylkesnemda kan også oppheve vedtaka og tilbakeføre omsorga til biologiske foreldre.

I samband med vedtak om omsorgsovertaking etter barnevernslova § 4-12, går omsorga jf. § 4-18 over på barnevernstenesta. Når barnevernstenesta overtar omsorga for eit barn, overtek dei ansvaret for at barnet får den omsorga det treng og får leva under forhold som ivaretar barnet si helse og utvikling. Dette inneber m.a. og sikre at barnet får dekkja personlege, sosiale, emosjonelle og helsemessige behov, og at forholda rundt barnet vert lagt til rette slik at barnet får best mogleg høve til å utvikle sine evne og anlegg.

Omsorgsovertakingar er i utgangspunktet midlertidige. Barn under omsorg av barnevernstenesta har i mange tilfelle levd under ein belastande omsorgssituasjon over tid, forut for omsorgsovertakinga. Barn kan ha utvikla sårbarheit og særskilte behov som krev særskilt merksemd og innsats utover det som er vanlege omsorgsbehov for fosterbarn¹. Det er ikkje alltid realistisk at barn skal flytte tilbake til biologiske foreldre, og Fylkesnemda kan vedta at omsorgsovertakingar skal vere langvarig, gjerne til barnet er myndig.

Uavhengig av varigheit, så har barnevernstenesta det overordna ansvaret for barnet, og at barnet får den hjelpa og omsorga det har behov for, så lenge barnet er under deira omsorg. På vegne av barnevernstenesta, utøver fosterforeldre den daglege omsorga for barnet. For å ivareta ansvaret, må barnevernet ha eit system for å følgje opp barn og fosterheimar. I denne rapporten undersøker ein kva system barnevernet har for å ivareta ansvaret for barn i fosterheim.

¹ Tiltaksplaner og omsorgsplaner i barnevernstjenesten – en veileder s.37

1.1 Avgrensing og definisjonar

Prosjektet er avgrensa til systemnivå, og fokuserer på barnevernstenesta sine system for å følgje opp barn som er plasserte i fosterheim. Ein vil ikkje sjå på saker der barn er plassert frivillig i fosterheim, eller omsorgssaker der barn er plassert i institusjon. Rapporten vil heller ikkje sjå på sakshandsaming av meldingar og undersøkingssaker, eller gjere vurderingar av saksgrunnlaget for omsorgsovertakingar. Rapporten vil ikkje undersøke eller ta stilling til kvaliteten på oppfølginga av barn i fosterheim i enkeltsaker.

I rapporten syner system til internkontroll i betydning av skriftlege rutinar, praksis og dokumentasjon som er retta mot oppfølging av barn og fosterforeldre, i tida frå vedtak om omsorgsovertaking, og så lenge plasseringane varer. Gode system vil kunne bidra til å sikre kvalitet i tenestene og til at føremålet med lova vert oppfylt.

I rapporten vert omgrepet *særskilte behov* nytta. Barn som barnevernstenesta overtar omsorga for, har i mange tilfelle særskilte behov. Særskilte behov syner til eit barn sitt behov for merksemd og innsats i tenesteytinga, som er «*større enn det som er vanlig for de fleste andre barn*»² i tilsvarande situasjon.

I tidsperioden forvaltningsrevisjonen vart gjennomført, var Sektor for helse og omsorg utan kommunalsjef, og barnevernstenesta venta på ny barnevernsleiar som tiltredde stillinga 23. mai 2016. Ein av sakshandsamarane var konstituert som barnevernsleiar i perioden, og rådmannen var næraste overordna for konstituert barnevernsleiar. Som følgje av denne situasjonen er fokuserer ein i rapporten på sakshandsamarnivå, ikkje mot samhandling på tvers av styringsnivåa i kommunen, undersøkt i rapporten.

² Rundskriv Q-0982 - Retningslinjer om hjelpetiltak, jf. barnevernloven § 4-4

1.2 Problemstillingar

Har barnevernstenesta i Radøy kommune eit system for oppfølging av barn i fosterheim, og sikrar systemet barna nødvendig hjelp og omsorg til rett tid?

4. I kva grad legg barnevernstenesta til rette for at fosterheimsplasseringa skal fungera etter sitt formål?
5. I kva grad får barnevernstenesta systematisk informasjon om barnet sin situasjon og utvikling, og vert informasjonen vurdert i forhold til omsorgsplanen?
6. I kva grad samarbeider barnevernstenesta med andre instansar for å sikre ei systematisk og planmessig oppfølging av barn i fosterheim?

1.3 Revisjonskriterium

Det er eit krav at det i alle forvaltningsrevisjonsprosjekt skal utleiast revisjonskriterium. I «RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon» syner omgrepet revisjonskriterium til dei krav og forventningar ein kan stille til den funksjon, aktivitet eller prosedyre som er gjenstand for forvaltningsrevisjon.

I dette prosjektet er revisjonskriteria henta frå følgjande kjelder:

- Barnevernslova³
- Aktuelle forskrifter
- Aktuelle rundskriv og veiledarar
- Rutinehåndbok for barneverntjenesten i kommunen (BLP)
- Rutinehåndbok Radøy kommune

Revisjonskriteria vert presentert fortløpande under problemstillingane i kapittel 4, 5 og 6.

³ Lov om barneverntjenester av 17. juli 1992 nr. 100

2. Metode

Prosjektet er utført i samsvar med RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon. Oppstartsmøtet vart halde med kommuneleiinga den 02.03.2016.

For å svare på problemstillingane har revisjonen intervjuet konstituert barnevernsleiar og to sakshandsamarar ved barnevernstenesta. Revisjonen har også nytta «Rutinehåndbok Radøy barnevernteneste»⁴, som gjev informasjon om organiseringa av barnevernstenesta, delegasjonar og interne rutinar innan tenesteområdet.

Revisjonen har og gått igjennom dokumenter i tre omsorgssaker som representerer langtidsplasserte barn i fosterheim. Tidsperioden som er undersøkt er åra 2013-2015. Informasjonen ifrå rutinehandboka, intervjuet, dokumenta dannar grunnlaget for å vurdere om barnevernstenesta har eit system for å følgje opp barn i fosterheim, og om systemet sikrar at nødvendig hjelp og omsorg vert gjeve til rett tid.

Avslutningsmøte vart halde med rådmannen, barnevernsleiar og tilsette i barnevernstenesta den 14.06.2016. I tillegg til avslutningsmøte, har rapporten vore til administrasjonen på høyring to gonger. Endeleng høyringsuttale, datert 07.09.2016 er lagt ved rapporten.

2.1 Pålitelegheit og gyldigheit

Revisjonen meiner at den metodiske framgangsmåten gjev pålitelege og gyldige data. Pålitelege data syner til at datainnsamlinga har skjedd på ein nøyaktig måte, medan data si gyldigheit syner til at informasjonen som er samla inn er relevante for og belyse dei aktuelle problemstillingane.


Intervjuet med sakshandsamarane er verifiserte. Konstituert barnevernsleiar har ikkje verifisert intervjuet, men er gjeve moglegheit til dette. Etter avtale vart intervjuet tatt opp med bandopptakar og referat er skriva ut i frå dette. Konstituert barnevernsleiar har munnleg stadfesta å ha mottatt referatet.

Data frå rutinehandbok, intervju, og dokument er vurderte oppimot kvarandre. På denne måten har ein kontrollert om det er samsvar mellom funn frå ulike kjelder og om funna peikar i same retning. Der det er samsvar mellom funna, aukar også truverdet i funna.

⁴ Datert 01.01.16

3. Organisering av barnevernstenester i Radøy kommune.

Radøy kommunen har i overkant av 5000 innbyggjarar, og ligg i Nordhordland, med grenser til Lindås kommune i sør, og Austrheim kommune i nordaust. Barnevernstenesta har kontorlokale i same bygg som PPT og Psykisk helse, på Manger som er kommunesenteret.



Figur 1 Organisasjonskart Radøy kommune.

Ifølgje organisasjonskartet er barnevernstenesta i Radøy kommune plassert under sektor for Helse- og omsorg. Barnevernstenesta har sju tilsette som utgjør 6,5 årsverk. Dette er barnevernsleiar, fire sakshandsamarar, ein tiltaksutøvar og ei 50% merkantil stilling.

«Rutinehåndbok Radøy kommune»⁵ vart utarbeidd i perioden 2012-2013. Rutinehandboka inneheld m.a. delegasjonar, skildringar av interne ansvarsfordeling og rutinar.

Ifølgje rutinehåndbok har barnevernsleiar fagleg mynde og ansvar for gjennomføring av kommunen sine oppgåver etter barnevernslova. I dette ligg vedtaks- og avgjerdsmynde. Barnevernsleiar har også personal- og økonomiansvar, samt ansvar for dagleg drift av tenesteområdet. I dette inngår m.a. styring og utvikling av tenesta, kvalitetskontroll, ansvar for kontraktar, avtalar og tverrfagleg samarbeid, tilvisingar, rapportar og kontakt med andre barnevernstenester og avslutting av barnevernssaker.

Barnevernsleiar tildeler nye barnevernssaker til sakshandsamarane. Ein sakshandsamar får hovudansvaret for den enkelte saka. Sakshandsamar gjennomfører undersøkingar, iverkset tiltak, føl opp, evaluerer og avsluttar tiltak. Utarbeiding og oppfølging av dokumentasjon i sakene, signering av skriftleg kommunikasjon i undersøking- og tiltakssaker det ikkje er knytt konflikt til, ligg og sakshandsamar

⁵ Oppdatert 01.01.2016. Rutinen skildrar ikkje delegasjonar til kommunalsjefen. Revisjonen har ikkje vurdert om det vart gjort endringar av rutinane ved årsskifte, og såleis at rutineskildringane ikkje representerer praksisen som var i 2013-2015.

4. Overordna problemstilling

Har barnevernstenesta i Radøy kommune eit system for oppfølging av barn i fosterheim, og sikrar systemet barna nødvendig hjelp og omsorg til rett tid?

Alle kommunar er jf. barnevernslova § 2-1, fyrste ledd, ansvarlige for å utføre kommunale oppgåver som føl av lova. Jf. § 2-1, fjerde ledd, skal det i kvar kommune vere ein administrasjon med ein leiar, som har ansvar for oppgåvene etter lova. Organet som utfører oppgåver på vegne av kommunen utgjer jf. § 2-1, femte ledd, kommunen si barnevernsteneste. Formålet med Lov om barneverntjenester er jf. § 1-1 «å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid», og «bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår».

Jf. barnevernslova § 2-1, 2.ledd, skal kommunen ha internkontroll «for å sikre at kommunen utfører oppgåvene sine i samsvar med krav fastsett i lov eller i medhold av lov». Jf. Lova § 4, punkt g) skal kommunen m.a. «utvikle, iverksette, kontrollere, evaluere og forbedre nødvendige prosedyrer og instruksjer, rutiner eller andre tiltak for å avdekke, rette opp og forebygge overtredelser av barnevernlovgivningen».

Forskrift om internkontroll for kommunens oppgaver etter lov om barnevernstjenester § 3, syner til internkontroll som «systematiske tiltak som skal sikre at barnevernstjenestens aktiviteter planlegges, organiseres, utføres og vedlikeholdes i samsvar med krav fastsatt i eller i medhold av lov om barnevernstjenester». Jf. forskrifta § 5 må internkontrollen «kunne dokumenteres i den form og det omfang som er nødvendig på bakgrunn av barnevernstjenestens størrelse, aktiviteter og risikoforhold».

Rapporten vil fokusere på internkontroll som eit system bestående av skriftlege rutinar, praksis og dokumentasjon for og ivareta kommunen sitt ansvar for barn plassert i fosterheim. Rutinar, praksis og dokumentasjon av oppgåver og aktivitetar som føl av lov, utgjer rammene for korleis ein skildrar og vurderer revisjonskriteriene i rapporten. Krav som vert knytt til konkrete oppgåver og aktivitetar vert utleia under revisjonskriteria, for den enkelte problemstillinga.

5. Problemstilling 1:

I kva grad legg barnevernstenesta til rette for at fosterheimplasseringa skal fungera etter sitt formål?

I denne problemstillinga undersøker ein om det er etablert eit system som set rammer for fosterheimplasseringa ved at formålet med plasseringar er klart, ansvar og oppgåver er tydeleg fordelte mellom barnevernstenesta og fosterheimen, og korleis kartlegging av hjelpebehov vert gjort i fosterheimen og opplæring gjeve til fosterforeldre.

5.1.1 Omsorgsplanar

Når eit barn vert plassert i fosterheim etter vedtak om omsorgsovertaking jf. Lov om barneverntjenester § 4-12, er det jf. Forskrift om fosterhjem § 7, fyrste ledd, barnevernstenesta i omsorgskommunen si oppgåve og følgje opp og føre kontroll med «*hvert enkelt barns situasjon i fosterhjemmet (...)*». Etter barnevernslova § 4-15, tredje ledd, skal barnevernstenesta allereie ved omsorgsovertaking «*vedta en plan for barnets omsorgssituasjon*» Omsorgsplanen skal ifølgje *Rutinehåndbok for barneverntjenesten i kommunen* gje forutsigbarheit i barn sin omsorgssituasjon ved og formidle barnevernstenesta sin plan for korleis barnet skal bu, veksa opp, kva relasjon og kontakt barnet skal ha med biologisk familie og kva særskilte behov barnet har.

Rutinehåndboka for kommunenes arbeid med fosterhjem syner til at endelege omsorgsplanar som gjeld langvarige plasseringar skal «*inneholde forutsetningene som ligger til grunn for (...) omsorgsovertakelsen og beskrivelse av oppfølgingsarbeidet*». Rettleiaren *Tiltaksplaner og omsorgsplaner i barnevernstjenesten* understrekar «*at det som skal inn i omsorgsplanen i samband med særskilte behov, er det som er spesielt for dette barnet eller ungdommen, utover den sårbarhet og det oppfølgingsbehovet som gjelder generelt for alle barn under barnevernets omsorg.*» Rettleiaren⁶ syner også til at «*dersom planen er at barnet skal vokse opp under barnevernstjenestens omsorg, kan det være særlig viktig at planen gjør det tydelig at barnet vil ha behov for særlig støtte ved viktige overganger, som blant annet overgang fra barneskole til ungdomsskole og overgang til egen bosituasjon*».⁷

Med utgangspunkt i gjennomgangen over, forstår revisjonen at omsorgsplanar skal skildre det som er spesielt ved barn sine særskilte behov, og betydinga dette har for barnet i samband med overgangar i livet.

- Barnevernstenesta bør ha eit system som sikrar at det spesielle ved det enkelte barn sitt særskilte behov vert skildra i omsorgsplanane, og tydeleggjera betyding dette har for barnet i samband med overgangar i livet.

⁶ Tiltaksplaner og omsorgsplaner i barnevernstjenesten – en veileder

⁷ Tiltaksplaner og omsorgsplaner i barnevernstjenesten s.40

5.1.2 Data

Rutine 04.04 omhandlar plassering, iverksetting og oppfølging av plasserte barn. Ifølgje rutinen skal sakshandsamar utarbeide omsorgsplanar jf. barnevernslova § 4-15, i samband med alle omsorgsovertakingar jf. barnevernsloven § 4-12. Rutinen rettar ikkje merksemd mot barn sine særskilte behov i samband med overgangar i livet.

I intervju skildra sakshandsamarane omsorgsplanen som eit overordna dokument som gjev hovudtrekka for plasseringane, og skal ivareta målet om og sikre barnet si helse og utvikling. Det føreligg omsorgsplanar i sakene revisjonen har gått igjennom, og særskilte behov er omtalt i omsorgsplanane⁸. I kva grad særskilte behov er synleggjort, varierer frå sak til sak.

Sakene som er gjennomgått gjeld langsiktige plasseringar, der barna skal bu i fosterheim til dei er fylt 18 år. Revisjonen finn ikkje at det i omsorgsplanane vert tatt stilling til om barn som følgje av særskilte behov, kan ha behov for tiltak eller tettare oppfølging i samband med overgangar i livet.

5.1.3 Revisjonen si vurdering

Omsorgsplanar generelt og skildringar av særskilte behov spesielt, skal vera retningsgjevande for plasseringa i fosterheimen, og såleis for barnevernstenesta si oppfølging av barnet. Det føreligg omsorgsplanar som m.a. gjev informasjon om barn sine særskilte behov, men etter revisjonen si vurdering er det i enkelte tilfelle uklart kva som er spesielt med enkelte barn sine særskilte behov.

Etter revisjonen si vurdering bør omsorgsplanar synleggjere barn sine særskilte behov i samband med overgangar i livet. Dette for å kunne planlegge tiltak og tenester i oppfølginga, og slik sikre barnet god oppfølging i forhold til sine særskilte behov.

⁸ Skildringar av særskilte behov er vedlagt rapporten i vedlegg 9.2. Vedlegget er unntatt offentlegheit jf offentleglova § 13.

5.2.1 Fosterheimsavtalar og forsterkningsavtalar

Jf. Barnevernslova § 6 skal det ligge føre ein avtale om barnevernstenesta og fosterforeldra sine forpliktingar ved fosterheimsplassing. Etter § 6, andre ledd, skal «fosterhjemsavtalen», som er utarbeidd av Barne- og familiedepartementet, nyttast ved fosterheimsplassingar jf. Barnevernsloven § 4-12. Barnevernstenesta og fosterforeldra skal jf. § 6, fyrste ledd, gjennomgå avtalen minimum ein gong i året og foreta ev. endringar. Ifølgje mal for fosterheimsavtale, skal omsorgsplanen vere vedlagt avtalen.

Ifølgje *Rutinehåndbok for kommunenes arbeid med fosterhjem*, kan det setjast inn forsterkningstiltak⁹ overfor fosterbarn som «*kan ha utvikla vanska som er større enn dei vanskane fosterbarn flest strevar med*», eller etter ei totalvurdering av situasjonen i fosterheimen, sjølv om barnet ikkje har utvikla spesielle vanskar. Forhold som kan gjere forsterkningstiltak nødvendig, kan m.a. vere alvorlege åtferdsproblem som m.a. kriminalitet, rusmiddelmissbruk, sterk utagering eller destruktiv åtferd overfor seg sjølv og andre. Det kan og vere dårleg utvikla sosial fungering, mange brot på nære relasjonar, skade som er påført som følgje av mors rusmissbruk under svangerskapet, og behov for særleg tilsyn, pleie og behandling som følgjer av psykisk eller fysisk funksjonshemming. Vidare presiserer rettleiaren at alle særskilte tiltak og ordningar, skal avtalast i ein tilleggsavtale.

Med utgangspunkt i gjennomgangen, utleier revisjonen følgjande revisjonskriterium;

- Barnevernstenesta bør ha eit system som sikrar utarbeiding og årleg gjennomgang av fosterheimsavtalar og forsterkningsavtalar.

5.2.2 Data

Rutine 04.04 i «Rutinehåndbok Radøy barnevernsteneste» omhandlar utarbeiding av fosterheimsavtalar og oversikt over forsterkningstiltak. Ifølgje rutinen skal *"Alle fosterheimar (...) ha gjennomgått og signert fosterheimsavtale. Oppdatert versjon ligg på www.ks.no. Fosterheimsavtalen skal gåast gjennom årleg med fosterheimen"*. Vidare seier rutinen at det ved bruk av forsterkingstiltak skal føreligge ei skriftleg oversikt over forsterkningstiltaka, og varigheit på oversikta skal vere maksimum eitt år, før evt. ny oversikt vert laga.

Det går ikkje fram av rutine 04.04 kven som har ansvaret for å utarbeide og årleg følgje opp fosterheimsavtalar og oversiktar over forsterkningstiltak. Dette er skildra i rutine 01.02 der sakshandsamar skal «*(...) lage og følgje opp dokumentasjon; rapportar, vedtak, kontraktar, avtalar (...) i sakene*».

⁹ Rutinehåndbok for kommunenes arbeid med fosterhjem syner til at særskilte tiltak kan vera lønskompensasjon ved omsorgspermisjon, auka arbeids- eller utgiftsdekning, friplass i barnehage eller SFO, særskilt rettleiing eller støtte-, avlastnings- og kriseordningar er eksemplar på forsterkningstiltak.

Sakshandsamaren opplyser at dei føl opp alle områder av ei sak, og dette m.a. og sørge for at det føreligg fosterheimsavtale i den enkelte saka, og forsterkningsavtalar i saker der dette er nødvendig. Sakshandsamarane går årleg igjennom avtalane med fosterheimen.

Sakshandsamarane opplyser at dei vurderer behov for forsterkningstiltak, medan avgjerda om og iverksetje forsterkningstiltak, vert tatt i samråd med barnevernsleiar. Det er barn sine særskilte behov som utløyser bruk av forsterkningstiltak. Tidleg omsorgssvikt, vold, traumar og overgrep er ofte komplekse, og årsaker til særskilte behov. Vanlige omsorgsbehov utløyser ikkje forsterkningstiltak, med unntak av det første året då fosterforeldre ofte må frikjøpast frå ordinært arbeid. Vurderingar vert i mange saker gjort forut for plasseringane, men også fortløpande etter at barn er plasserte i fosterheimar. I samband med akutte saker er det naturleg at vurderingar av behov for forsterkningstiltak vert gjort i etterkant av plasseringa.

I sakene revisjonen har gått igjennom, føreligg det fosterheimsavtalar som m.a. syner til at omsorgsplanen er vedlagt avtalen, og såleis gjeve til fosterforeldra. Revisjonen har ikkje kontrollert at dette faktisk er gjort i enkelt sakene som er gjennomgått. I intervju vart dette likevel stadfesta og vere ein del av rutinen for overføring og plassering av barn i fosterheim. Det føreligg oversiktar over forsterkningstiltak i to av dei tre sakene revisjonen har kontrollert. Begge oversiktane er oppdaterte. Varigheitene på oversiktane varierer frå eit til tre år.

5.2.3 Revisjonen si vurdering

Ei tydeleg ansvars- og oppgåvedelinga mellom barnevernstenesta og fosterheimen er viktig for å sikre samarbeidet mellom partane. Det er positivt at det føreligg fosterheimsavtalar i sakene, og at det er rutinar for utarbeiding av fosterheimsavtalar og oversiktar over forsterkningstiltak.

At varigheita på forsterkningsavtalane i enkelte tilfelle går over meir enn eit år, inneber etter revisjonen si vurdering ein risiko for at behov ikkje vert fanga opp, og at tenestetilbodet ikkje vert justert og tilpassa behovet til barnet og fosterfamilien.

5.3.1 Vidare kartlegging av hjelpebehov og opplæring av fosterforeldre

Barnevernslova § 4-18 omhandlar ansvaret for omsorga for eit barn i samband med ei omsorgsovertaking. Jf. § 4-18 går omsorga for eit barn over på barnevernstenesta i samband med vedtak om omsorgsovertaking etter § 4-12, og på vegne av barnevernstenesta skal fosterforeldre (...) utøve den daglege omsorga for barnet.

Det er såleis ei oppgåvedeling mellom barnevernstenesta og fosterforeldra. Ifølgje fosterheimsavtalen skal fosterforeldre gjennom utøving av dagleg omsorg for barnet, ivareta barnet sine behov for stabil og trygg vaksenkontakt, og bidra til at barnet får dekkja sine personlege, emosjonelle og helsemessige behov.

I omsorgsansvaret som barnevernstenesta har for barnet, ligg det indirekte eit ansvar for å legge til rette for at fosterheimsplasseringa fungerer etter formålet, samt eit ansvar for og følgje opp at barnet vert ivaretatt i høve til sine behov.

Og legge til rette for at fosterheimsplasseringa fungerer etter formålet, inneber m.a. at barnevernstenesta skal bidra til og ruste fosterforeldre for og kunne gje barnet den dagleg omsorga som barnet treng. Å ruste nokon inneber m.a. å gje nødvendige opplysingar, og ifølgje Fosterheimsavtalen skal barnevernstenesta *«gi fosterforeldre alle opplysninger om fosterbarnet som er nødvendige (...) barnets forhistorie, helseopplysninger, tidlige hjelpetiltak, tilhørighet, spesielle problem, ressurser, interesser(...).»*¹⁰

Å ruste nokon vil også stille krav om og gje opplæring og sikre at vedkommande har nødvendig kompetanse. Jf. Forskrift om fosterhjem § 7, andre ledd, skal barnevernstenesta *«gje fosterforeldrene nødvendig råd og veiledning i forbindelse med plasseringen av det enkelte barn, så lenge plasseringen varer»*. Rustinga gjeld såleis ikkje berre forrut for plasseringa, men så lenge plasseringa varer.

Retningslinjer for fosterhjem vektlegg at behovet for opplæring og rettleiing varierer ifrå sak til sak, og *«(...)barnevernstjenesten og fosterforeldre må derfor i fellesskap kartlegge behovet og finne fram til hvordan det kan dekkes»*. Barnevernstenesta skal såleis samarbeide med fosterforeldre om å kartlegge det vidare hjelpebehovet til barnet så lenge barnet bur i fosterheimen, og gje fosterforeldre råd og rettleiing som er nødvendig for å utøve den daglege omsorga for barnet.

På grunnlag av gjennomgangen over, utleier revisjonen følgjande revisjonskriterium:

- Barnevernstenesta bør ha eit system som sikrar vidare kartlegging av barn og fosterforeldre sine hjelpebehov etter at barnet er plassert, og opplæring av fosterforeldre om det enkelte barn.

¹⁰ Fosterhjemsavtalen s. 6

5.3.2 Data

Rutine 04.04 omhandlar generell opplæring av fosterforeldre gjennom BUFETAT, og oppfølging av barn og fosterheimar gjennom fosterheimsbesøk. Revisjonen er ikkje kjent med rutinar for opplæring av fosterforeldre om det enkelte barnet, eller vidare kartlegging av barn og fosterforeldre sitt hjelpebehov, etter at barnet er plassert i fosterheim.

I intervju vart det opplyst at rutinane ved overføring varierer etter type sak.

Barnevernstenesta samarbeider med BUFETAT om å finne ein fosterheim som kan dekkje det enkelte barn sine særskilte behov. I denne prosessen får fosterforeldre ei anonym skildring av barnet, og vert utfordra på korleis dei vil handsama barnet og barnet sine særskilte behov. Denne prosessen bidreg m.a. til og gje fosterforeldre opplæring om det enkelte barn. Vidare får fosterforeldre alltid overlevert omsorgsplan og andre viktige dokument som kan føreligge, frå eksempelvis PPT og skule.

Forrut for at eit barn vert plassert i fosterheim, vert det utarbeidd ein overføringsplan. Overføringsplanen vert tilpassa det enkelte barnet og er ein tidsplan for korleis barnet sin overgang til fosterfamilien skal vere. Overføringsplanen skal bidra til at overføringa går lettast mogleg. Ein sakshandsamar gav følgjande skildring av arbeidet:

«Ein prøver å forutsjå kva som kan skje som følgje av barnet sine utfordringar og behov, møta behova og få overføringa til å gå best mulig. Det kan oppstå nye utfordringar etter plasseringa som medfører brot og ny plassering. Det er dette vi prøver og unngå.»

Kartlegginga av hjelpebehovet til barn og fosterforeldre etter at ei plassering er gjort, føl av type sak og kva kunnskap og relasjon sakshandsamar har til barnet forrut for plasseringa. I saker der barnet har ein historikk i barnevernet og gjerne har hatt hjelpetiltak over tid, kan sakshandsamar ha god kunnskap om barnet og barnet sine behov. I saker som gjerne føl av eit akuttvedtak, kan sakshandsamar ha lite kunnskap om barnet og barnet sine behov.

Kartlegging av barn og fosterforeldre sine hjelpebehov er ein prosess som skjer kontinuerlig i samband med oppfølginga av barnet og fosterheimen, og behovet for oppfølginga i den enkelte saka. I intervju er det opplyst at oppfølginga skjer fortløpande og føl av behovet for kontakt og oppfølging i den enkelte saka;

«Etter plasseringa må vi vurdere behovet for kontakt og oppfølging av saka. Det er ikkje rutinar eller faste tidspunkt for dette. Sakshandsamar må vurdere dette i forhold til barnet og fosterforeldra sine behov i den enkelte saka.»

«Etter plasseringa må vi vurdere behovet for kontakt og oppfølging i saka. Det er minimum 4 fosterhomsbesøk i året (...). I tillegg er det 4 besøk av tilsynsfører. I noen plasseringer vil det være behov for ytterligere kontakt, særlig i perioder. Sakshandsamar må vurdere dette i forhold til barnet og fosterforeldra sine behov, i den enkelte saka. Det er vanlege at behovet er stort det første året, og at vi er tettare på då.»

«Det fyrste året fungerer ofte som ein bli-kjent periode (...). Partane skal bli kjent med kvarandre, barnet skal kome inn i nye rutinar og bli vane med den nye heimen sin. I denne perioden er vi ofte aktivt inne, men med tida trappar vi ned og held oss til fosterheimsbesøka.»

Oppfølginga av barn og fosterforeldre føl av vedtak om omsorgsovertakingar. Råd og rettleiing til fosterforeldre vert gjeve etter behovet i den enkelte saka. Følgjande skildringar vart gjeve om praksisar for og gje råd og rettleiing i oppfølginga;

«Vi gjer ikkje vedtak om råd og rettleiing til barnet, foreldra eller fosterforeldra. Dette ligg under nemdsvedtaket. Når vi overtar omsorga, er dette gjeldande vedtak. (...) Tiltak kan vera frikjøp av fosterforeldre, fritidsaktivitetar og SFO. Slike tiltak ligg under vedtaket om fosterheimsplasseringa, og inngår som ein del av omsorgsovertakinga.»

«Etter behov rettleier sakshandsamar fosterheimen i høve dagleg omsorg og utfordringar. Ved ekstra behov blir det brukt eksterne rettleiarar med spesialkompetanse. Alle fosterforeldre hjå oss får tilbod om ekstern rettleiar i starten. Det vert evaluert om det er behov eller om det avsluttast etter kvart.»

5.3.3 Revisjonen si vurdering

Det er positivt at det er etablert ein oppfølgingspraksis av barn og fosterheimar som vert individuelt tilpassa behov for vidare kartlegging av hjelpebehov, og opplæring i den enkelte saka.

At praksisane ikkje er skildra i ein skriftleg rutine, inneber etter revisjonen si vurdering, ein risiko for at oppfølginga av enkeltsaker kan vere personavhengig, og at element i praksisen kan falla vekk, eller gå tapt i samband med utskiftingar i bemanninga. Over tid kan dette resultera i at oppfølgingspraksisen ubevisst vert endra. Revisjonen har ikkje vurdert i kva grad praksisane gjev ei tilstrekkeleg opplæring og oppfølging av behov i enkelt saker.

At praksisane vert tilpassa behovet for hjelp og opplæring i den enkelte saka, er positivt. Dette kan styrke systemet i høve til og tilrettelegge for at fosterheimsplasseringa fungerer etter sitt formål. Element i praksisen er likevel generelle og kan skildrast i ein skriftleg rutine. Dette vil bidra til å gjere praksisen mindre personavhengig.

5.4 Konklusjon og tilrådingar

Barnevernstenesta legg i stor grad til rette for at fosterheimsplasseringar skal fungere etter sitt formål, gjennom system for utarbeiding av omsorgsplanar, fosterheimsavtalar, forsterkningsavtalar, og praksis for kartlegging av hjelpebehov og opplæring av fosterheimar om det enkelte barnet. Fråvær av skriftlege opplærings- og kartleggingsrutinar kan medføre at denne delen av oppfølginga, er personavhengig.

System som skal legge tilrette for at fosterheimsplasseringa fungerer etter sitt formål, har varierer i høve til om oppfølging av forsterkningsavtalar vert gjort årleg, og synleggjer ikkje kva som er spesielt ved det enkelte barn sine særskilte behov, eller betydinga dette har for overgangar i barnet sitt liv.

På grunnlag av konklusjonen har revisjonen følgjande tilrådingar til barnevernstenesta i Radøy kommune:

- Barnevernstenesta bør sikre at rutinen for utarbeiding av omsorgsplanar skildrar kravet om synleggjering av det spesiell ved barn sine særskilte behov, og betydinga dette kan ha i samband med overgangar i livet.
- Barnevernstenesta bør nedfella praksis for å kartlegga barn og fosterforeldre sine hjelpebehov, samt praksis for og gje opplæring om det enkelte barn til fosterforeldre, i ein skriftleg rutine.

6 Problemstilling 2:

I kva grad har barnevernstenesta systematisk informasjon om barnet sin situasjon og utvikling, og vert informasjonen vurdert i forhold til omsorgsplanen?

6.1 Utleiing av revisjonskriterium

Etter barnevernsloven § 4-16 har barnevernstenesta «(...) et løpende og helhetlig ansvar for oppfølging av barnet, herunder et ansvar for å følge utviklingen til barnet (...)».

Ifølgje Retningslinjer for fosterhjem¹¹ inneber ansvaret for kontroll av barnet sin situasjon i fosterheim «et ansvar for å foreta jevnlig kontroll med at barnet får den omsorg det trenger og at fosterhjems plasseringen for øvrig fungerer etter sitt formål.»

Jf. § 4-18 skal fosterforeldre utøve den dagleg omsorga for barnet, på vegne av barnevernstenesta. Jf. Retningslinjer for fosterhjem dekkjer dagleg omsorg «ansvaret for alle spørsmål som gjelder den generelle oppdragelsen av barnet. Dette omfattar vanlig oppfølging i forhold til skole, barnehage og fritid og det å sørge for at barnet får nødvendig oppfølging ved sykdom.»¹² Og ivareta ansvaret for oppfølging, stiller krav til barnevernstenesta om å innhente informasjon om barnet sin situasjon og utvikling i fosterheimen, i høve element som inngår i den daglege omsorga.

Jf. forskrifta § 7, tredje ledd, skal barnevernstenesta «besøke fosterheimen så ofte som nødvendig for å oppfylle ansvaret (...), men minimum 4 gonger i året». Kravet til oppfølging og besøk i fosterheimane, er presisert i Retningslinjer for fosterhjem, som syner til at besøkshyppigheita i ein fosterheim vil «(...) variere fra sak til sak, alt etter som hvor godt plasseringen fungerer eller hvor stort behov barnet og fosterforeldrene har for oppfølging og veiledning. Generelt vil det uansett være behov for en noe tettere kontakt og oppfølging i den første fasen etter plassering, men det kan også senere oppstå faser hvor det vil kunne være behov for tettere oppfølging, f.eks. ved start på ny skole, i ungdomstiden eller i perioder hvor det oppstår spesielle behov».¹³ I forskrifta § 7, tredje ledd, er det synt til at «dersom barnevernstjenesten vurderer forholdene i fosterhjemmet som gode, kan barnevernstjenesten vedta at antall besøk skal reduseres til 2 gonger i året for barn som har vært plassert i fosterhjem i mer enn 2 år». I tilfelle av redusert besøk i fosterheim, skal det føreligge vedtak om redusert besøkstal.

Forskrift om fosterhjem regulerer barnevernstenesta si plikt til oppfølging og kontroll av barnet sin situasjon i fosterheim. Jf. § 7, første ledd, skal barnevernstenesta «se hen til

¹¹ Retningslinjer for fosterhjem av 15. juli 2004 til lov om barneverntjenester av 17. juli 1992 nr. 100. kapittel 10

¹² Retningslinjer for fosterhjem, kapittel 10

¹³ Retningslinjer for fosterhjem, kapittel 10

barnet sin omsorgsplan (...)», som ifølgje Retningslinjer for fosterhjem m.a. har til formål «å klargjøre hvilke forutsetninger som ligger til grunn for omsorgsovertakelsen samt å redegjøre for hvordan barnet skal følges opp mens det er plassert». ¹⁴

Jf. barnevernsloven § 4-22, femte ledd, skal «kommunen føre tilsyn med hvert enkelt barn i fosterhjem fra plasseringstidspunktet og frem til barnet fyller 18 år. Formålet med tilsynet er å føre kontroll med at barnet får forsvarlig omsorg i fosterhjemmet og at de forutsetninger som ble lagt til grunn for plasseringen blir fulgt opp». Etter paragrafen sitt fjerde ledd, har kommunen der fosterheimen ligg, ansvaret for og føra tilsyn med fosterheimen.

Jf. forskrifta § 9, fyrste ledd, skal fosterheimkommunen «føre tilsyn med barnet så ofte som nødvendig for å kunne oppfylle formålet etter § 8 annet ledd, men minimum 4 ganger i året. Dersom fosterhjemskommunen vurderer forholdene i fosterhjemmet som gode, og barnet samtykker, kan fosterhjemskommunen vedta at tilsynet skal reduseres til minimum 2 ganger i året for barn som er fylt 15 år og som har vært plassert i fosterhjemmet i mer enn 2 år. Barnevernstjenesten i omsorgskommunen skal samtykke før slikt vedtak fattes». Medan fosterheimskommunen har ansvaret for og utføre tilsyn med fosterheimen, har omsorgskommunen det overordna ansvaret for barnet det vert ført tilsyn med. For at omsorgskommunen skal kunne ivareta «(...) et løpende og helhetlig ansvar for oppfølging av barnet, herunder et ansvar for å følge utviklingen til barnet (...)», bør barnevernstenesta ha informasjon om barnet sin situasjon og utvikling, som er innhenta i samband med tilsyn. Jf. forskrifta § 9, femte ledd, skal fosterheimskommunen godkjenne tilsynsrapportane og vidaresende rapportane til barnevernstenesta i omsorgskommunen, medan barnevernstenesta i omsorgskommunen, jf. § 9, sjette ledd, skal «(...)følge opp rapporten og umiddelbart sørge for å følge opp forhold som gir grunn til bekymring».

Oppfølging av tilsynsrapportane forutset at tilsynsrapportar frå tilsynsførarar i eigen kommune og i fosterheimskommunar, er mottatt. Med utgangspunkt i forskrifta § 9, fyrste ledd, skal det føreligge minimum 4 tilsynsrapportar pr. barn pr. år. Alternativt kan det for barn som er fylt 15 år og har vore plassert i fosterheimen i to år, føreligge 2 tilsynsrapportar pr. år, og samtykke frå barnet og omsorgskommunen til redusert tilsyn.

På grunnlag av gjennomgangen over, utleier revisjonen følgjande revisjonskriterium

- Barnevernstenesta bør ha system for og innhenta informasjon om barn sin situasjon og utvikling i fosterheim, og vurdere informasjon oppimot mål i omsorgsplanen.
- Barnevernstenesta bør ha eit system for og føre kontroll med mottak og oppfølging av tilsynsrapportar.

¹⁴ Retningslinjer for fosterhjem, kapittel 10

6.2.1 Barnet sin situasjon og utvikling i høve til mål i omsorgsplanen

- Barnevernstenesta bør ha system for og innhenta informasjon om barn sin situasjon og utvikling i fosterheim, og vurdere informasjon oppimot mål i omsorgsplanen.

6.2.2 Data

Rutine 04.04 i Rutinehåndbok for Radøy barnevernsteneste, omhandlar m.a. kommunen si oppfølging og dokumentasjon i samband med fosterheimsbesøk. Ifølgje rutinen skal «Plassering i fosterheim følgjast opp med minimum 4 fosterheimsbesøk i året. Mal for rapport ligg i fagsystemet. Relevant informasjon i perioden mellom fosterheimsbesøka dokumenterast i eigne oppfølgingsrapportar i fagsystem».

Sakshandsamarane opplyser dei nyttar rapportmalen «*Rapport frå fosterheim*» i samband med gjennomføring av fosterheimsbesøk og skiving av rapport frå fosterheimsbesøka. Rapportmalen legg til rette for å gje informasjon om kven som deltek i besøket, dagleg livet i fosterheimen, barnet si helse, skule og barnehage, fritid, kontakt med biologisk familie, oppfølging av særskilte behov og forsterkningstiltak. Til slutt er det eit punkt som spør korleis fosterheimsplasseringa fungerer i høve til føresegna i omsorgsplanen, og informasjon om den vidare oppfølginga. Ein av sakshandsamarane gav følgjande informasjon om rapportmalen;

"Sjekklista dekkjer punkta som vi spør etter. Dette gjeld dagleglivet i fosterheim, fritid, skule, barnehage, samvær og kontakt med biologisk familie, barnet si eiga oppfatning av korleis det har det, og særlege tiltak som skal følgjast opp.»

I sakene revisjonen har gått igjennom, føreligg det fosterheimsrapportar som dokumenterer utførte fosterheimsbesøk. I ei sak førelåg det 4 fosterheimsrapportar pr. år, med unntak av i 2015, då det førelåg 3 rapportar. I dei to andre sakene førelåg det to rapportar pr. år og vedtak om reduksjon av talet på fosterheimsbesøk. Revisjonen har ikkje vurdert innhaldet/kvaliteten på informasjonen i fosterheimsrapportane.

Rapportmalen syner til at bakgrunnen for fosterheimsbesøket er «*kontroll og oppfølging av føresegna i omsorgsplanen*». Sakshandsamarane opplyser at omsorgsplanane er rammene for fosterheimsplasseringane og at informasjon frå fosterheimsbesøka vert vurdert oppimot omsorgsplanane. Følgjande informasjon vart gjeve om dette;

«Til slutt er det eit punkt om plasseringa følgjer omsorgsplanen. Dette punktet vurderer vi utifrå informasjonen vi får frå fosterheimen og frå barnet, og om dette er i tråd med omsorgsplanen i forhold til å vere ein god og trygg base, eller fritidsaktivitet som kan vere eit underpunkt. Med fritidsaktivitet som underpunkt så tenker vi at barnet må komma meir ut, då barnet kanskje har vore fattig på opplevingar eller samvær med jamaldra.»

"Omsorgsplan ligger i botn for plasseringa. I fosterheimsbesøket har ein samtalar med både fosterforeldre og barnet for å vurdere om plasseringa fungerer som føresett. I rapport frå besøket i fosterheimen skal det koma fram om det er behov for nye tiltak."

I tillegg til at informasjon om barnet sin situasjon og utvikling vert dokumentert i rapportar frå fosterheimsbesøk, vert fortløpande kontakt som barnevernstenesta har i den enkelte saka, dokumentert i oppfølgingsrapportar eller kvartalsrapportar. Kvartalsrapportane har punkt som dekkjer barnet sin situasjon i fosterheimen, i høve til biologisk familie, om samtalar sakshandsamar har hatt med barnet, forsterkningstiltak, ansvarsgruppemøte, og oppsummering og konklusjon.

6.2.3 Revisjonen si vurdering

Barnevernstenesta innhentar systematisk informasjon om barn sin situasjon og utvikling i fosterheim gjennom fosterheimsbesøk, samt fortløpande og ved behov imellom besøka. Det er positivt at fosterheimsbesøka er dokumenterte gjennom fosterheimsrapportar, og at talet fosterheimsrapportar er i tråd med krav i lov og forskrift, med unntak av ein rapport som manglar i den eine saka.

Rutinen for gjennomføring av fosterheimsbesøk skildrar ikkje kva som inngår i det og «sjå hen» til omsorgsplanen. At omsorgsplanane ikkje tydeleggjer kva betydning særskilte behov kan ha for barn i samband med overgangar i livet, medfører etter revisjonen si vurdering, fråvær av sentrale kontrollpunkt, det kan vera naturleg for sakshandsamar og "sjå hen" til og vurdere om er ivaretatt eller ikkje i oppfølginga. Fråvær av konkrete vurderingspunkt, medfører etter revisjonen si vurdering ein risiko for at situasjonen og utviklinga ikkje vert vurdert i forhold til meir langsiktige perspektiv, som eksempelvis overgangar i livet kan representere.

6.3.1 Tilsynsrapportar

- Barnevernstenesta bør ha eit system for og føre kontroll med mottak og oppfølging av tilsynsrapportar.

6.3.2 Data

Rutine 05.01 i Rutinehandbok for Radøy barnevernsteneste, skildrar barnevernstenesta sin rutine for kontroll med mottak av tilsynsrapportar i tilsynssaker i Radøy kommune. Ifølgje rutinen skal barnevernstenesta kontrollera å ha mottatt tilsynsrapportar i tråd med tilsynsførar si timeliste, før det vert utbetalt lønn til tilsynsførar.

I avslutningsmøte vart det stadfesta at barnevernstenesta, i samband med mottak av timelister frå tilsynsførarar og refusjonskrav frå fosterheimskommunar, kontrollerer og ha mottatt tilsynsrapportar før utbetaling av lønn eller refusjonskrav. Det vart og orientert om utfordringar med å få tak i tilsynsførarar, og å få inn rapportar fortløpande ved utførte tilsyn.

I intervju vart det opplyst at det for perioden 2013-2015 var dåverande barnevernsleiaren som følgde opp tilsynsrapportar, medan det no er ein saksbehandlar som har denne oppgåva. Mottekne tilsynsrapportar vert fordelt til ansvarleg sakshandsamar i saka, og følgd opp ved at saksbehandlaren les og vurderer om det er noko som må følgjast opp.

"Er det noko spesielt, så snakkar vi med tilsynsførar og seier han må sjekke opp i dette eller ha fokus på det i besøk. Det er kontrollmoglegheita vi har utover eigne fosterheimsbesøk."

"Tilsynsrapportane blir ikkje gjeve til fosterheimen, men saksbehandlar føl opp tilsynsrapportane og dersom det er forhold som må tas opp med fosterforeldra, gjer saksbehandlar det"

Ved gjennomgang av saksdokument, førelåg det fire tilsynsrapportar pr. år, i dei fleste sakene. I enkelte saker førelåg det likevel færre rapportar enkelte år, og i 2013 er det ei sak der det berre førelåg ein tilsynsrapport. I saka sa tilsynsførar sa opp tilsynsoppdraget dette året. Revisjonen har ikkje kontrollert om dette er årsaka til eit redusert tal tilsynsrapportar. Revisjonen fann ikkje at barnet har samtykka til redusert tilsyn, eller dokumentasjon på at barnevernstenesta har vurdert det som tilstrekkeleg med færre tilsyn i saka.

Rutine 05.05 i rutinehandboka til barnevernstenesta, skildrar vurderingspunkt ved utføring av tilsyn i fosterheim. Rutinen er ein mal for tilsynsrapportar og etterspør informasjon som barnevernstenesta treng om barnet og barnet sin situasjon og utvikling i fosterheimen, som m.a. er særlege hendingar sidan førre tilsyn, og tema som har stått sentralt ved tidlegare tilsyn, situasjonen i fosterheimen, åtferd, psykisk og fysisk helse, situasjon i barnehage eller skule, venner, fritid, og kontakt og samvær med biologisk familie. Tilsynsførar kan og gje informasjon om andre tema av betydning, vurdere barnet si ivaretaking og utvikling, og behov for eventuell særleg oppfølging av barnet, fosterforeldre eller tilsynsførar.

6.3.3 Revisjonen si vurdering

Etter revisjonen si vurdering er det ikkje etablert eit system for og føre kontroll med mottak av tilsynsrapportar i tråd med forskrifta, for barn plassert i fosterheim i Radøy kommune eller i annan fosterheimskommune. At det ikkje er eit system for og føre kontroll med mottak av tilsynsrapportar, er etter revisjonen si vurdering ei svakheita ved systemet for og innhente informasjon om barn sin situasjon og utvikling i fosterheim. Det er difor positivt at det likevel føreligg tilsynsrapportar i sakene som er gjennomgått i prosjektet, trass i at det også er eit eksempel på ei sak, der talet på tilsynsrapportar ikkje er i tråd med forskrifta.

6.4 Konklusjon og tilrådingar

Barnevernstenesta har eit system for og innhenta systematisk informasjon om barn sin situasjon og utvikling i fosterheim gjennom fosterheimsbesøk. Det føreligg også tilsynsrapportar, men det er ikkje etablert eit system for og føre kontroll med mottak av tilsynsrapportar, og barnevernstenesta innhentar såleis ikkje systematisk informasjon om barn sin situasjon og utvikling i fosterheim, gjennom tilsynsrapportar.

Systemet har ikkje rutinar som operasjonaliserer «å se hen til omsorgsplanen» eller korleis tilsynsrapportar skal følgjast opp.

På grunnlag av konklusjonen har revisjonen følgjande tilrådingar til barnevernstenesta i Radøy kommune:

- Barnevernstenesta bør skildra betydninga av «å se hen til omsorgsplanen» i rutinen for fosterheimsbesøk, og slik sikre god vurdering av barnet sin situasjon og utvikling oppimot mål i omsorgsplanen.
- Barnevernstenesta bør ha eit system for og føre kontroll med mottak av tilsynsrapportar, som også gjev informasjon om korleis tilsynsrapportar skal følgjast opp.

7 Problemstilling 3:

I kva grad samarbeider barnevernstenesta med andre instansar for å sikre ei systematisk og planmessig oppfølging av barn i fosterheim?

7.1.1 Samarbeid for å sikre ei målretta og systematisk oppfølging

Retningslinjer for fosterhjem presiserer at «*barnevernstjenesten har ansvaret for å hjelpe og støtte det enkelte barn og iverksette de tiltak eller foreta de endringer som til enhver tid skulle vise seg nødvendig*»¹⁵.

Barnevernstenesta sitt ansvar for å hjelpe, støtte og iverksette tiltak, betyr likevel ikkje at barnevernstenesta kan eller skal yta all hjelp, støtte og tiltak sjølve. Jf. barnevernslova § 3-2 skal barnevernstenesta «*(...)medvirke til at barns interesser ivaretas også av andre offentlige organer. Barnevernstjenesten skal samarbeide med andre sektorer og forvaltningsnivåer når dette kan bidra til å løse oppgaver som den er pålagt(...)*». Barnevernstenesta har såleis eit ansvar for å yte den hjelp og støtte dei sjølve har kompetanse og tilgang til, og utover dette eit ansvar for å samarbeide med andre instansar om å finna tiltak og tenester som kan løysa oppgåver knytt til å gje barn nødvendig omsorg og hjelp til rett tid.

Omsorgsplanen skal jf. barnevernslova § 4-15, tredje ledd, tydeleggjere kva særskilte behov barnet har, og er eit overordna styringsdokument som set rammer for omsorgsovertaking. Fleire kjelder tilrår, av ulike omsyn, og utarbeide planar for oppfølginga av barn i fosterheim, i tillegg til omsorgsplanen. På den eine sida foreslår *Rutinehåndbok for kommunens arbeid med fosterhjem* å sikre at oppfølgingsarbeidet skjer systematisk, forutsigbart og i henhold til lov og forskrift, ved «*og utarbeide en årlig oversikt som beskriver hvilken oppfølging barnet, fosterhjemmet og foreldrene får i en angitt periode*». På den andre sida vektlegg Rettleiaren «*Tiltaksplaner og omsorgsplaner i barnevernstjenesten*» at barn under omsorg, i mange tilfelle har særskilte behov som må imøtekomast gjennom systematisk innsats over kortare eller lengre tid;

«Fordi omsorgsplanens funksjon er overordnet og langsiktig, vil barna ofte trenge arbeidsplan som tydeliggjør hvordan deres særlige behov skal ivaretas i ulike livsfaser og ved endringer i livssituasjon for øvrig. Arbeidsplanen vil kunne være viktig for å konkretisere og målrette barneverntjenestens oppfølging av barnet. En slik arbeidsplan bør knyttes opp til omsorgsplanen og legges ved denne.»¹⁶

Med gjennomgangen over, forstår revisjonen at barnevernstenesta bør systematisere kortsiktige og langsiktige innsatsar i ein plan og slik synleggjere korleis særskilte behov skal ivaretakast gjennom ulike livsfasar.

¹⁵ Retningslinjer for fosterhjem, kapittel 10

¹⁶ Tiltaksplaner og omsorgsplaner i barnevernstjenesten – en veileder s.32

På grunnlag av gjennomgangen over, utleier revisjonen følgjande revisjonskriterium:

- ❑ Barnevernet bør ha eit system som sikrar at samarbeid med relevante instansar, gjev ei planmessig oppfølging av kortsiktige og langsiktige innsatsar i tenesteytinga.

7.1.2 Data

Rutine 06.01 i rutinehandboka gjev ei oversikt over ulike samarbeidsmøter. Rutinen er retta mot undersøkingssaker og tiltaksplanar. Revisjonen er ikkje kjent med rutinar som rettar seg mot samarbeidsrutinar med andre instansar i omsorgssaker generelt, eller i oppfølginga av barn i fosterheim spesielt.

I intervju opplyste sakshandsamarane at barnevernstenesta samarbeider med instansar som m.a. helsesøster, PPT, fosterforeldre og skule gjennom ansvarsgrupper, i samband med oppfølging av fosterheimsbarn. Ansvarsgrupper vert til gjennom vedtak om etablering av ansvarsgruppe, og det varierer kva tenesteområde som initierer samarbeidet.

Det er ikkje faste tidspunkt eller intervall for ansvarsgruppemøte. Hyppigheita på møter vert tilpassa den enkelte saka, og bestemt fortløpande i møte og etter vurdert behov. I intervju vart følgjande praksis skildra;

"Vanlegvis er det 1-3 gonger i halvåret. I særleg krevjande saker kan det vera 1 gong i månaden fordi det er så intenst. Skjer det spesielle ting, kallar ein inn til ekstra møte. I ansvarsgruppemøta drøfta ein kva ein har prøvd, kva som fungerer, og om ein bør prøva noko anna. Vi vurderer behovet og gjer avtale om neste møte."

«Dersom det er ting som står på, avtalar ein nye møter der møtet vert tidsfristen for at ting skal ha blitt sjekka opp i eller endra.»

Sakshandsamarane skildrar ansvarsgrupper som ein samarbeidsarena der relevant informasjon vert delt og samordna mellom fleire tenesteytarar, og der det vert gjort vurderingar og prioriteringa i tenesteytinga saman med fagpersonar.

«Barnevernet kan vurdere at barnet har tilknytningsvanskar, traumar og psykiske vanskar. Spørsmålet blir kor vi skal begynne med tiltak. Vi er ikkje fagperson innanfor dei felte, men skal sikre at barnet får den oppfølginga det skal ha. På ansvarsgruppemøta gjer vi vurderingar, saman med andre fagpersonar, av kva tiltak som er best å sette inn først og sist og på kva tidspunkt.»

«Prioriteringar av kva tiltak som skal inn og kor lenge dei skal vara blir gjort utifrå vår kjennskap til barnet og fosterheimen.»

«Ansvarsgrupper blir brukt for å samordna tiltak dersom mange instansar er involverte og er vanleg i samarbeid der m.a. skule og PPT deltek.»

I intervju opplyste ein av sakshandsamarane at det ved behov kan utarbeidast tiltaksplanar. Det er ikkje utarbeidd skriftlege rutinar for og gjere bruk av planverktøy som synleggjer og koordinerer tiltak og tenester i hjelpetilbodet. Oppfølginga er styrt utifrå overordna og

langsiktige mål i omsorgsplanar, og tiltak som vert avtalt i ansvarsgruppemøter og skildra i møtereferata. Sakshandsamarane skildrar styringa av oppfølgingsarbeidet på følgjande måtar;

«Vi har både kortsiktige og langsiktige mål, dei kjem fram i omsorgsplanar, fosterheimsrapportar og referat frå diverse møter. (...)I nokre saker vert mål ofte sett i samband med ansvarsgrupper og kva den enkelte; skule, PPT, barnevern skal jobbe vidare med til neste møte.»

"Omsorgsplanen har ofte store mål, og gjerne litt mindre mål innimellom. Det er dei store måla om å sikre barnet si helse og utvikling som kjem fram i omsorgsplanen. Dette skal ivaretakast. Omsorgsplanen blir gjort konkret i fosterheimsbesøket. I rapporten frå førre fosterheimsbesøk har vi gjerne mål om å jobbe med konkrete ting.(...). Og det er rapporten frå sist besøk vi måler med, og den likar eg å ha med meg og sjekka korleis det vi vart enige om sist, om det er følgd opp, fungerer eller er i mål"

«Det blir skrevet referat frå ansvarsgruppemøta og sett mål for tiltaka. Dette skal følgjast opp i neste møte».

"Det er ønskjeleg med ei fast sakliste for ansvarsgruppemøta. Det er likevel vanleg at saklista føl av førre møte og oppfølging av sakene som var tatt opp der.»

Ved gjennomgang av saksmapper førelåg det referat frå ansvarsgruppemøter og fosterheimsbesøk. I ei saksmappe førelåg det tiltaksplan. Revisjonen har ikkje vurdert om mål er skildra i referat og tiltaksplanar, eller om eventuelle tiltak er følgd opp.

Sjølv om barnevernstenesta samarbeider med relevante instansar, opplever ikkje sakshandsamarane og alltid ha tilgjengeleg tiltaka det er behov for. Dette følgjer m.a. av både geografisk plassering og tilgang på og kapasitet i tiltak.

"Vi har dessverre ikkje alltid tilgjengeleg dei tiltaka som trengst. Dette handlar om kapasitet, som talet plassar i tiltaket. Vi er mange gonger fortvila."

"Barnevernstenesta gjer vedtak om tiltak, men som følgje av at det ikkje er tilgjengeleg fosterheimar eller besøksheimar, blir ikkje tiltaket iverksett. Då blir det lett eit avvik mellom vurdert behov og det ein kan klara å tilby."

"BUFETAT har kutta tenestetilbodet og dette medfører at tiltaka blir litt mindre tilgjengelig."

7.1.3 Revisjonen si vurdering

Det er etablert praksis for og samarbeide med relevante instansar om oppfølginga av barn i fosterheim, gjennom ansvarsgrupper.

Ansvarsgruppene resulterer ikkje i at kortsiktige og langsiktige innsatsar vert systematisert i ein plan som syner korleis særskilte behov skal ivaretakast gjennom ulike livsfasar. Etter revisjonen si vurdering inneber dette ein risiko for at oppfølginga kan verta for lite konkret og målretta

7.2.1 Individuell plan

Jf. barnevernloven § 3-2a har barnevernstenesta ei plikt til «utarbeide individuell plan for barn med behov for langvarige og koordinerte tiltak eller tjenester dersom det anses nødvendig for å skape et helhetlig tilbud for barnet og det foreligger samtykke».

Barnevernstenesta skal jf. barnevernsloven § 3-2 «medvirke til at barns interesser ivaretas også av andre offentlige organer», og «(...)samarbeide med andre sektorer og forvaltningsnivåer når dette kan bidra til å løse oppgaver som den er pålagt etter(...) loven (...)». Ansvarer gjeld særleg individuell plan som er heimla i lova sin § 3-2a, 2. ledd; «barneverntjenesten skal samarbeide om planen med andre instanser barnet mottar tiltak fra».

Implisitt i behovet for langvarige og koordinerte tenester ligg også at det må vere eit samansett behov. Retten er såleis avgrensa til born som har behov for eit tenestetilbod som er langvarig og samansett, samstundes som det er behov for å koordinera tenestene.

Føresegna¹⁷ syner til at «behovet for individuell plan er bare tilstede der barn som mottar mange og omfattende tiltak fra barnevernet i tillegg har behov for langvarige tiltak fra andre tjenester, og der det er nødvendig med samordning av tiltakene». Føresegna syner også til at «der barnet pga behov for langvarige og koordinerte tilbod frå fleire tjenester treng individuell plan, vil den individuelle planen i praksis erstatta omsorgsplanen eller tiltaksplanen ved at disse planene innlemmes i den individuelle planen».

Med kravet om koordinerte tenester forstår ein at barn må ha behov for to eller fleire tenester som må eller bør sjåast i samband med kvarandre. I forarbeida uttrykte departementet at «spørsmålet om barnet har behov for individuell plan(...)må vurderes konkret for hvert barn», og «momenter i denne vurderingen vil være om de tiltakene barnet trenger er av en slik varighet og karakter at tiltakenes effekt for barnet avhenger av at tiltakene koordineres»¹⁸.

Det er ikkje klart definert kva som skal reknast som langvarig. Ved at behovet må vere langvarig ligg det eit krav om at det må strekkja seg over ei viss tid. Forarbeida fastset ikkje kva som ligg i langsiktig. Departementet synte likevel til at «barn med behov for tiltak etter barnevernloven av kortere varighet enn ett år, normalt ikke ville ha samme interesse eller behov for individuell plan som barn med tiltak med varighet over ett år»¹⁹.

¹⁷ Ot.prp. nr. 69 (2008-2009) s. 42-42

¹⁸ Ot.prp. nr. 69 (2008-2009) pkt. 6.2.

¹⁹ Ot.prp. nr. 69 (2008-2009) pkt. 6.2.

Utarbeiding av individuell plan er utforma som ei plikt for tenesteytar²⁰. I føresegna²¹ til endringslova som innfører plikta til utarbeiding av individuell plan, uttaler departementet at utarbeiding av plan berre gjeld etter samtykke;

«(...) arbeidet med planen forutsetter en vidare adgang til utveksling av taushetsbelagt informasjon enn det som følger av gjeldende rett. Partene må derfor samtykke både i forhold til kven som skal delta i arbeidet med planen og i forhold til hvilke opplysninger som kan utveksles.»

Vidare vurderte departementet at barnevernstenesta har samtykkekompetanse til individuell plan i tilfelle der barnevernstenesta har overtatt omsorga for barn under 15 år;

«I tilfelle der barneverntjenesten har overtatt omsorgen for barnet etter barnevernloven § 4-8 annet eller tredje ledd eller § 4-12 (...) barneverntjenesten i kraft av å ha den daglige omsorgen for barnet har kompetanse til å samtykke til individuell plan på barnets vegne.»²²

På grunnlag av denne gjennomgangen, utleier revisjonen følgjande revisjonskriterium:

- Barnevernstenesta bør ha eit system som sikrar at det vert gjort vurdering av om barn under deira omsorg, har behov for langvarige og koordinerte tenester, og utarbeide individuelle planar i dei tilfella der det er behov for dette.

7.2.2 Data

Rutine 01.02 i rutinehandbok plasserer koordinatrolla for individuell plan hos tiltaksutøvar. Utover dette er ikkje individuell plan omtalt i rutinehandboka, og sakshandsamarane er ikkje kjent med den eventuelle rutinen for å utarbeida individuell plan. På kommunen si heimeside ligg det generell informasjon om kva individuell plan er. Informasjonen gjev ikkje informasjon om korleis brukarar eller pårørande kan gå fram om dei har spørsmål eller ønskjer informasjon om individuell plan.

I intervju opplyste ein sakshandsamar det er etablert ei koordinerande eining som arbeider med individuelle planar i Radøy kommune. Sakshandsamarane sender søknadar om individuell plan til koordinerande eining, som vurderer behovet og gjer vedtak om det skal utarbeidast individuell plan, etablerast ansvarsgruppe, eventuelt vurderer at det ikkje er behov for verken individuell plan eller ansvarsgruppe.

Revisjonen er ikkje kjent med at det i Radøy barnevernsteneste er etablert ei felles forståing individuell plan som verktøy i oppfølgingsarbeidet, eller for barnevernstenesta si plikt til å utarbeide individuell plan for barn under deira omsorg, med behov for langvarige og koordinerte tenester.

"Eg har hatt lite med individuell plan og gjera og er ikkje sikker på korleis ein vurderer om individuell plan er den rette vegen å gå."

²⁰ Lov om barneverntjenester § 3-2 a

²¹ Ot. Prp. Nr 69 (2008-2009) pkt 6.2

²² Ot. Prp. Nr 69 (2008-2009) pkt 6.2

"I tilfelle der sakshandsamar er koordinator for individuell plan, blir den individuelle planen mest ein ekstra plan i tillegg til omsorgsplan eller tiltaksplan."

"Individuell plan vert eit behov når mange aktørar er med. Dette behovet får ein dekkja gjennom ansvarsgruppe der ein også får med alle parter, som skule med individuell opplæringsplan, vurderingar frå PPT, informasjon om testar og liknande."

"Eit alternativ til ansvarsgruppe, er individuell plan. (...) kan vera hensiktsmessig dersom det er mange instansar som samarbeider i ei sak."

Ved gjennomgang av saksdokument fann revisjonen eit tilfelle der barnevernet er koordinator for ein individuell plan. Arbeidet knytt til individuell plan var omtalt i fleire saksdokument i klientmappa, i perioden 2013-2015. Sakshandsamar opplyste i intervju at individuell plan er under utarbeiding i saka.

7.2.3 Revisjonen si vurdering

Individuell plan er ei teneste som skal bidra til at og skape eit heilskapleg tilbod for barn med behov for langvarige og koordinerte tiltak eller tenester, dersom dette er vurdert som nødvendig.

At det ikkje er etablert eit system som sikrar at barn under omsorg, får vurdert sitt behov for langvarige og koordinerte tenester, inneber etter revisjonen si vurdering ein risiko for at barna ikkje er sikra å få utarbeidd individuell plan, ei teneste barnevernet har plikt til å yta jf. barnevernslova § 3-2a.

7.3 Konklusjon og tilrådingar

Barnevernstenesta i Radøy kommune samarbeider med andre instansar om oppfølging av barn i fosterheim gjennom ansvarsgrupper. Oppfølginga skjer fortløpande og i frå møte til møte. Det er ikkje etablert eit system for og utarbeide planar som skal sikre ei planmessig oppfølging av kortsiktige og langsiktige innsatsar som skal møta særskilte behov, eller som skal koordinera samansette og langvarige behov. Barnevernstenesta sikrar ikkje at barn med behov for langvarige og koordinerte tenester, får utarbeidd individuell plan.

På grunnlag av konklusjonen har revisjonen følgjande tilrådingar til barnevernstenesta i Radøy kommune:

- Barnevernstenesta bør vurdere kva som er hensiktsmessig bruk av planverktøy, for å synleggjere og styre kortsiktig og langsiktig innsats i samband med oppfølging av barn under omsorg av barnevernstenesta, og utarbeide rutinar for dette.
- Barnevernstenesta bør utarbeide skriftlege rutinar for å vurdere om barn under omsorg av barnevernstenesta har behov for langvarige og koordinerte tenester, og sikre at det vert utarbeidd individuell plan for barn som har behov dette.

8 Oppsummerande konklusjon

Denne rapporten har undersøkt kva system som er etablert for og følgje opp barn i fosterheim. Rapporten har ikkje undersøkt og tek ikkje stilling til oppfølging av enkeltsaker.

Barnevernstenesta i Radøy kommune har eit system for å følgje opp barn i fosterheim. Systemet dekkjer formelle krav som føl av lov og forskrift, og føl opp det enkelte barn gjennom fosterheimsbesøk, fortløpande dialog med fosterheimar, og barnevernstenesta samarbeider med relevante instansar om tenesteytinga i den enkelte saka, gjennom ansvarsgrupper.

Systemet synleggjer i variert grad kva som er spesielt med barn sine særskilte behov, og kva betydning særskilte behov kan ha for barnet i samband med overgangar i barnet sitt liv. Utover rutinar for bruk av omsorgsplanar, har ikkje systemet rutinar for og gjere bruk av arbeidsplanar eller individuelle planar. Etersom systemet ikkje nyttar planar for å synleggjera og koordinera tiltak og tenester, syner ikkje systemet om oppfølginga av barn i fosterheim, sikrar nødvendig hjelp og omsorg til rett tid.

9 Litteraturliste

- Lov om barneverntjenester av 17. juli 1992 nr. 100
- Forskrift om fosterhjem 18.12.2003 nr. 1659
- Forskrift om internkontroll for kommunens oppgaver etter lov om barneverntjenester av 14.12. 2005 nr. 1584
- Ot.prp. nr. 69 (2008-2009) Om lov om endringer i barnevernloven
- Rundskriv Q-1072B - Retningslinjer for fosterhjem av 15. juli 2004 til lov om barneverntjenester av 17. juli 1992 nr. 100.
- Rundskriv Q-1104 Tiltaksplaner og omsorgsplaner i barnevernstjenesten – en veileder, Barne- og likestillingsdepartementet 2006
- Q-1101 Rutinehåndbok for barneverntjenesten i kommunen, Barne- og likestillingsdepartementet 2006
- Rutinehåndbok for kommunens arbeid med fosterhjem, Barne- og likestillingsdepartementet 2006
- Fosterhjemsavtalen, Barne, Likestillings og Inkluderingsdepartementet 2010

10 Vedlegg:

1. Høyringsvar frå administrasjonen, datert 5.10.2016
2. Skildringar av særskilte behov. Vedlegget er unnateke offentlegheit jf. offentleglova § 13, 1. ledd, og forvaltningsloven § 13, 1. ledd nr. 1.



Nordhordland Revisjon IKS
Kvassnesvegen 23 Pb16
5902 ISDALSTØ

Unnateke off.
§ 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1.
ledd nr. 1

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/50 - 16/12778

Saksbehandlar:
Leila Torsvik
leila.torsvik@radoy.kommune.no

Dato:
05.10.2016

Høyringsuttale forvaltningsrapport barnevern

Vi viser til førebels forvaltningsrapport datert 22.september 2016 med utsatt frist for tilbakemelding frå 29.september til 10.oktober 2016.

Innhaldet i rapporten er gjennomgått av administrasjonen ved barneverntenesta og rådmann. Vi ser at rapporten tar opp i seg det som kom fram i drøftingar med revisjonen og opplever dette som positivt.

Revisjonen har i sin rapport konkludert med at barneverntenesta i Radøy har eit system for å følgje opp barn i fosterheim. Systemet dekkjer formelle krav som føl av lov og forskrift, men det er behov for å få på plass enda betre rutinar knytta til barn med særskilte behov for oppfølging.

Barneverntenesta vil, i si årlege gjennomgang/ evaluering av internkontroll/ rutinehandbok i november og desember, jobbe med å forbetre rutinane når det gjeld bruk av arbeidsplanar og individuelle planar. I samband med evalueringa vil vi ta med oss tilrådingane frå revisjonen slik det kjem fram på side 12, 17, 23, 29 og 30 i forvaltningsrapporten.

Tilrådingane som vil bli innarbeida i og meir tydelege i internkontroll/rutinehandbok er :

- Omsorgsplanar verte enda tydlegare på det konkrete barnets spesielle behov
- Omsorgsplanen ha eit eige punkt der ein vurderer om det konkrete barnet har behov for tiltak eller tettare oppfølging i samband med overgangar i livet
- Rutine 04.04 bli tydlegare på kven som har ansvaret for å utarbeide og årleg følgje opp fosterheimsavtalar og oversikt over forsterkningstiltak.
- Lage skriftleg rutine for oppfølging av fosterheimar for å gjere den mindre personavhengig
- Etablere system/rutine for mottak av og oppfølging av tilsynsrapportar
- Skildre betydninga av « å sjå hen til omsorgsplanen » i rutine for fosterheims besøk
- Utarbeide skriftleg rutine for vurdering og igangsetting av individuell plan.

Ved eventuelle spørsmål til uttalen ver venleg å ta kontakt med barnevernleiar.

Med helsing

Jarle Landås
rådmann

Leila Torsvik
leiar barnevern

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Nordhordland Revisjon IKS

Kvassnesvegen 23 Pb16

5902

ISDALSTØ